


# BOKN BYGDABLAÐ

NR. 3 MARS/APRIL 1991 ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## TERMINALBYGGET PÅ ARE UNDER TAK



TERMINALBYGG PÅ BOKN - ARSVÅGEN

FASADE MOT NORD

asplan

Statens vegvesen sitt terminalbygg ved Arsvågen er nå til påske ferdig reist med tak, dører og vinduer.


Innan 3. juni i år skal bygget vera innflyttingsklart. Det er byggeleiar Hans Faye som opplyser dette til bygdabladet.

Bygget er endra i forhold til tidlegare planar, og har nå fått ei litt anna utforming enn først tenkt.

Det er på 530 kvadratmeter fordelt på to etasjer. Utanom ankomsthall, venterom og storkiosk/kafeteria er det i 1. etasje også lager, kjøken, kontor, og toalettrom.

I 2. etasje er det lokaler på 265 kvadratmeter. Det er ennå ikkje avgjort kva desse skal brukast til. Det kan innstallerast heis til 2. etasje.

Det er firma Odd Hansen A/S frå Karmøy som set opp bygget.



## DRENG PÅ ØVRE STOKKA ANNO 1933

Av Hilmar Svendsen

Det var dårlege tider i 30-åra. Det var å reisa på sildafisket. Når det var slutt i mars, var det lite å gjera. Då var det å arbeida hos bøndene. Det var å arbeida med å ta opp veiter og nybrot. Dagslønna var kr. 2,50 på eigen kost.

Eg blei lei og trøytt av dette arbeidet, og til slutt fekk eg jobb som dreng og sjåfør på Øvre Stokka. Det var hos ein grossist. Eg skulle ha kr. 24,- pr. mnd. og fri sykekasse. Eg hugsar godt den dagen då eg kom og skulle begynna. Der var så fint. Det var såkalla "sossafolk". Dei hadde ei tenestejente. Ho heitte Marit og var frå Moster. Der var så fint at me måtte gå inn kjøkenvegen hugsa eg. Me måtte opp klokka 05.00 og molka. Eg trur det var 7-8 molkekyr. Eg skulle læra å molka, og til slutt fekk eg det til, men fekk vondt i nevene.

Mannen eg tente hos var som sagt grossist, og hadde forretning i byen. Der var to bilar, ein Citroëng - ein fin bil. Eg måtte kjøra grossisten til kontoret, og henta han om kvelden.

Den andre bilen var ein gammal lastebil. Eg trur det var ein Ford som var fotsjalta. Det var travelt å vera dreng; det var å jobba heile dagen med forskjelligt.

Men så var det ein onsdag. Det var då elendigheta begynte. Det hadde seg så at me måtte kjøra melka til byen. Der var sånne melkeramper nedover Stokkaveien. Eg trur det var 4-5 spann på kvar. Det var denne onsdagen det var min tur

til å kjøra melka. Tidleg om morgonen når me hadde molka, lasta eg spanna på bilen, og skulle plukka opp dei andre nedover Stokkaveien. Det var då sorga begynte for alvor. Eg fekk ikkje "svineriet" til å starta. (og klokka gjekk). Eg skulle vera på det første utsalget kl. 08.00. Det første var på Løkkeveien ein plass, det andre nede i Kannik, og det siste langt inne i Pedersgata.

Som sagt fekk eg ikkje bilen til å gå. Eg begynte å få panikk. Dei hadde også ein fin blakk fjordahest. Den var veldig snill. Eg ser ennå for meg dei fine blå augene han hadde. Javel, eg visste inga anna råd enn å ta langkjerra. Ho var nokså stor. Eg hadde lært å leggja selen på ein hest, det lærte eg då eg var i arbeid på Are. Det gjekk fint å få selen på. Eg hadde og lært at det ikkje nytta å bakka hesten opp i "drågene", ein måtte ta ein sving rundt med den. Det gjekk bra så langt. Eg fekk spanna på kjerra og skulle til å kjøra (klokka gjekk). Eg hyppa på hesten. Han reagerte ikkje i det heile tatt. Eg tenkte ka i allverden får du ikkje hesten heller til å starta. Eg rykka i taumane (eg sat på lasset). "Nå må du forsyne meg starta blakken", sa eg. Då snudde hesten på håve og såg på meg. Då såg eg årsaka til at eg han ikkje ville starta. Eg hadde rett og slett gløymt å setja på grimå og bisselet på hesten. (Det var rørledningen det var gale med).

Etterpå gjekk det greit. Eg fekk spanna med meg. På det første utsalget var dei sure for melka kom så seint.

## DRENG PÅ ØVRE STOKKA ANNO 1933

Det siste var langt inne i Pedersgata. Der fekk eg mykje kjeft. Eg hugsar at då eg kjørte ned Musegata, håpa eg at eg ikkje traff boknarar,

~~for det høyrte så fint at eg~~

var i byen og kjørte bil. Neste dag skulle eg til Tau Bryggeri (framleis med hest og kjerra). Der skulle eg henta noko dei kalla for "drav". Det var til kyrne. Det var i sekker og var vått, eit slags

avfall.

Eg kom til gards med både hest og last. Men då hadde eg fått nok! Eg tok fillene med meg og

~~reiste til ein slekting på~~

Sandnes.

Eg rømde, men blei ikkje meldt savna ein gong.

Ein dreng var visst ikkje mykje verdt den gong!

### MÅNEDENS DIKT


Tove Lie

### RÅD FOR HAVEN

Du må aldri finne på å gjødsle plenen, det er en sikker vei til å ødelegge den, gjøre den skjelløs og blomsterfattig som den sterileste donald-duckplen. Jo magrere utkomme gresstråene har, desto mer kommer alle slag blomster - som for å trøste dem - du får store gnistrende bål av tiriltunge, små øyer av natt og dag eller øyentrøst, mange steder et flor av prestekrager og blåklokker. Er du heldig, kommer kniplingsaktige bregner og et utvalg mosearter i mange farver og utførelser.

Du får en uimotsigelig grunn til å la være å slå. Du kan invitere enhver, inklusive velvoksne klovdyr, til å trå på plenen. Den greier seg like godt. Så hør altså, aldri ett gram gjødning til plenen, heller ikke vanning må du klusse med, la regnet greie den saken. Det har millioner års erfaring i å lokke frem både strå og blomster.

Fra Drag av mørke, strøm av lys, 1983



### MERKEDAGAR I APRIL

Søndag 14.april: Sommermål eller sommernettene, første sommerdag hvorfra sommerhalvåret ble beregnet. Også faredag, den dagen leie- eller tjenesteforhold opphørte.

Tirsdag 23.april: St.Jørgens dag til minne om St.Georg av Kappadokia, som etter en legende drepte en fryktelig drage og befridde en kongsdatter fra dens klør. I vår tid er St.Georgsdagen speidernes dag.

Torsdag 25.april: Store gangdagen som har fått navn etter den skikk at presten og menigheten skulle gå i prosesjon på markene og vigsle den mot alt ondt.

## UKJEND BRANNÅRSAK OGSÅ TIL BRANN NR. 2 VED BOKN SKULE

Den 23. januar om kvelden var det brann i tekstilrommet på Bokn skule. Lensmannskontoret fann ikkje fram til brannårsaka.

Natt til den 13. mars var det på ny brann på Bokn skule. Denne gongen i skulebiblioteket i det store landskapet. Heller ikkje denne gongen har politiet funne brannårsaka. Ved lensmannskontoret i Tysvær seier lensmannsbetjent Grindheim til bygdabladet at ein held alle muligheter åpne. Ein del materiell er inne hos KRIPOS og NEMKO til undersøking, men ennå er det ikkje kome svar. Grindheim seier til bygdabladet at det ikkje behøver å vera årsakssamanheng mellom dei to brannane.

Lensmannskontoret håper at brannen kan få ei oppklaring.

Ved Bokn skule har det vore ei vanskeleg tid etter den siste brannen. Skulen var heilt

nedsota, og elevane har hatt skule i provisoriske lokale rundt om i kommunen, barnesteget også i private heimar. Dei andre elevane har hatt undervisning i Bokn bedehus og i Boknatun med redusert timetal.

Skulesjef Dag Halvorsen seier til bygdabladet at etter påske får alle elevane fri onsdag 3. april. 4. april skal alle elevane møta til vanleg tid, slik dei gjorde før brannen.

Etter påske vil det ennå gå eit par veker kor ein del elevar må bruka provisoriske lokale. Der ikkje anna er opplyst, møter elevane på skulen.

Sjølve brannskadane ved skulen er ikkje så store, men det er sot over alt. Det er eit omfattande vaske- og reingjeringsarbeid som nå er i gang, og vegger og tak må malast.

### AUKA TIMETAL FOR BARNESTEGET

Totalt for 1990 og 1991 har Stortinget vedtatt ein auke i veketimetallet for barnesteget i grunnskulen på 6 timar. Ved Bokn skule fekk 3. klasse i 1990 ein auke på 4 timar. Faga som vart styrka var norsk med 1 time, matematikk med 1 time og orienteringsfag med 2 timar.

Frå hausten 1991 får 2. klasse ei styrking på 2 timar. Faga som vert styrka er norsk med 1 time og matematikk med 1 time.

Veketimetallet for barnesteget frå hausten er då slik:

1. klasse: 16 timar
2. klasse: 20 timar
3. klasse: 24 timar

### BERGE FURRE TIL BOKN

Fredag den 12. april vil Bokn pensjonistforening i samarbeid med Bokn folkeakademi invitera alle interesserte til møte kor Berge Furre skal kåsera om "Soga om Lars Oftedal".

Lars Oftedal (1838-1900) var ein av dei mest fargesprakande personane i norsk historie. Han bygde bedehus og politiske parti. Han bygde barneheimar, det største i landet, og grunnla tre aviser - ei av dei var Stavanger Aftenblad.

Nærare kunngjering kjem seinare i rundskriv.

## KAFÉ I ALVESTADKROKEN

Sundagskafeen i Alvestadkroken kan ikkje klaga på mangel på gjester.

Sidan bruåpninga i februar har kafeen hatt ope kvar søndag mellom kl. 13 og 18, og har hatt stort innrykk av kaffitørste gjester frå nordfylket som skal sjå Bokn.

Her på kafeen som ligg i 2. etasje i butikken til Steinar Alvestad serverer Marit Elin Våge, Liss Sæbø, May Bente Alvestad og Ingvild Sæbø både nykoka kaffi, heimebakst, is og brus. Kvar søndag har det vore rikeleg med gjester, men helst frå andre kommunar. Også nokre få innfødde boknarar har våga seg inn, men har helst vore redde for at kafeen kun har vore for andre enn boknarar. Marit Elin seier til

bygdabladet at boknarar er like velkomne på kafeen som alle andre! Fin utsikt er det også til Boknasundet, brua og Austre Bokn.

Varm mat er etterspurt. Kafe-eigaren har nå søkt helse- og sosialstyret m.a. om å servera varm mat pluss andre formalitetar som skal vera i orden. Kommunelegen har gitt positiv innstilling om dette til helse- og sosialstyret som skal behandla saka rett over påske.

Dei som driv kafeen vil prøva å halda ope kvar søndag framover. I tillegg vil dei ha ope Skjærtorsdag og 2. Påskedag frå kl. 13 - 18, pluss Påskeafta frå kl. 10 - 15.

## UTBETRING AV FV. 891 - KNARHOLMVEGEN - FØRESVIK

Fylket har løyvd 4 mill. kroner

Fylkesutvalet har nyleg løyvd 4 mill. kroner til utbetring av fylkesveg 891 på strekninga frå Knarholmvegen til Føresvik. Bokn kommunestyre har tidlegare i år godkjent vegsjefen sitt forslag til detaljplan for utbetring av vegstrekninga.

Det er ennå ikkje heilt bestemt når arbeidet vil ta til, men det skal i nær framtid vera eit møte mellom Bokn kommune og vegvesenet for å sjå på dette.

Vegen er planlagt med kjørebane 5,5 meter med skulder på 0,5. Dimensjonerande fartsgrense er 60 km/t.

Det vil også bli fortau frå Skulevegen fram til avkjørsel til Ottar Borgenvik på Sæbø. Vidare herfrå er det aktuelt for kommunen å opparbeida gang/sykelsti fram til Driftavegen i samsvar med tidlegare reguleringsforslag.



# TAKK TIL DET GAMLE AUSTRE BOKN BEDEHUS

Av Elise Kro

Rett nord med veien står det eit hus. Det stora framsteget, ein samlingsplass, den var nok sakna. Innbyggjarane sitt eige hus, der dei delte Gudsord og si kristne tru med kvarandre. "Samlingen" heitte det når møtet var ettermiddag annankvar sundag midt i middagskvilda, og "møte" når det var kveld.

Stor stas var det når presten tok seg ein sundagskveld preikesundagen, og trefte sine sognebørn på "huset". "Huset" sa dei gamle. Då møtte dei opp. Gjekk på sine føter alle dei gamle frå kvart eit hus mest. Det var gildt å få helsa på presten og sine sambygdingar. Dei som bygde dette huset gav av sine midlar. Nå er dei borte for lenge sidan.

Me som var ungar den gongen har fylgt "huset" til denne tid. Sett alt det har vore brukt til. Følt i sinn og på kropp kor alt har forandra seg. Tenk berre på når straumen kom, det var noko som gav lysare tider det. Dette bedehuset har tent austreboknarane både som åndeleg oppbygging og arbeidsplass, for det er nå her på jorda mennesket bur sitt korte liv.

Her har det vore snekkerkurs og kokekurs, som gav "elevane" både kunnskap og trivnad. Det gjorde godt å få møtast, skapa ting til nytte og trivnad i lag, og læra seg å ta vare på kvar minste ting, det var eit mål den gongen. Spør om "ungane hans Svein" har hatt det gildt på gamle bedehuskjellaren.

Tre kvinneforeningar haldt til på "lemmen". Ja, ein barneforening og ei tid. Men tilveret tok ny skikk, med lenestolar og sofa, og takk og farvel vart det til bedehuslemmen.

Ikkje så ofte var det besøk av emiserar, men dei var gjerne fleire dagar og budde i heimane på øya.

Juletefestar og basarar dei har vore det som alle kan delta i. Det er ikkje få tusen som er samla inn i dette huset, både til misjon og indremisjon.

Nå er det takk for oss, pent takk for oss, huset har tent si tid på ein ærefull måte og gitt austreboknarane mykje verdfullt og gildt.

Takk for gode minner og lukka til med dei nye husfolka.

## Årsmøte i Bokn sanitetsforening

Torsdag den 4. april blir det kl. 19.00 årsmøte i Bokn Sanitetsforening på Allrommet.

Utanom årsberetning og val, vil det bli ostedemonstrasjon

ved Gerd Fatland.

Kaffi og utlodning.

Sanitetsforeningen ynskjer gamle og nye medlemmer velkomen.

## PROLOG VED ÅPNINGA AV DET NYE

BOKN BEDEHUS 24.02.91

Av Elise Kro

I kveld er det fest  
her har hendt noke stort.  
Boknarar frå Austre og Vestre  
skal vera i lag  
ha sine møte under same tak.  
Huset har fått seg splitter  
nytt namn  
Bokn bedehus heiter det nå,  
det er 'kje til å tru  
men me har jo fått bru  
henne får me gi æra.

Dette huset har hatt si tid  
sto der så nytt og så flott.  
Lærar og ungar dei var så kry  
Nye skule, den første i Bokn  
på lange tid.  
Her er vel triveligt, her vil  
me bli  
leksene læra, gjera vår plikt  
setja oss mål på lenger sikt  
greie elevar vera.

Fredeleg gjekk det i mange år  
på skulen vår.  
Ingen ting står fast, å nei  
Lærdomen må koma nye vei,  
over sundet der er han betre.  
Då vart det oppstyr, og då  
vart det kok  
i sinnet på mødre og fedre  
Det nytta slett ikkje, opplese  
og vedtatt det var  
Ungar og lærar med bil og så  
båt over sundet det bar.

Huset sto tomt i mange år, kva  
gjorde vel det?  
Nyare skular vart lagde ned.  
Nå er det kome til heder og æra  
Mange timar er lagde ned  
nokre få menn og kvinner med  
har arbeidt på dugnad.  
Sette seg som mål - orden og  
trivnad med kvar ein ting  
flittige hender vart sette i  
sving  
spør om dei kunne sitt fag,  
sjå berre etter frå golv og  
til tag,  
attom kvar dør og vegg og  
"segg":

Er her ikkje fint, må me ikkje  
gle oss  
smila med augo, takka med  
munnen.  
Tenk om "tonen" nå er funnen.  
Det er opp til kvar og ein  
plukka bort kvar liten stein  
ligg han der og er til meins.  
Opa hand og ope sinn  
dei lyt med få vera.

Må ordet få lya reint og klårt  
skapa tru om frelse,  
finna meining med livet vårt  
mange, mange sakna det sårt.

### Reiduns Blomster

Reidun Grønnestad som driv  
Reiduns Blomster i Brukshuset  
i Føresvik, seier til  
bygdabladet at sidan ho starta  
blomsterbutikken, har ho stort  
sett selt ut det ho har fått  
inn av blomster. Boknarane har  
vore flinke til å handla hos  
henne, men det skal ganske  
stort sal til for at ho skal  
sitja att med netto  
forteneste.

På denne tida er det relativt  
bra, medan det nok vil bli  
rolegare ut på sommaren.  
Reidun seier at ho i første  
omgang vil driva ut 1991, og  
deretter gjera opp status for  
drifta.

Brukshuset/Reiduns Blomster  
har ope kvardagar unntatt  
onsdagar frå kl. 10 - 14.  
Laurdagar 10 -13.  
tlf. 74 86 60.


# STRILEHUMOR



## Strilehumor på sitt beste

I boka har forfattern  
Jan Spurkeland nytta alle  
dei ingrediensane som  
særmerkjer strilekulturen.  
Boka er skriven på dialekt,  
og humoren er umiss-  
kjenneleg «strilsk».

Saman med teiknaren  
Kåre Eikeland som har  
illustrert boka, har for-  
fattern klart å fanga det  
som kan reknast som  
særeigent for strilane.





**Kr. 98,-**

I SALG HER:

SR-BANK Bokn





**BIBLIOTEKET –  
gratis å spørje  
gratis å få svar**

**LESETIPS**

**VAKSNE**

Kureishi, Hanif:  
Bydels-Budda

Cussler, Clive:  
Skatten

Savan, Glenn:  
Max elsker Nora

Simmel, Johannes M.:  
Med klovnene kom tårene

Corbett, Anthony:  
Dødens agenter

**BARN/UNGDOM**

Lind, Ivar:  
Drakeblod

Røsbak, Ove:  
Månen og skilpadda

Larsen, Britt Karin:  
Ingenting er helt som før

Kleiva, Rønnaug:  
Plutseleg no

Mæland, Bente B.:  
Spring, Marit!



**GOD PÅSKE**



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## PÅMELDING TIL SKULEÅRET 91/92

### SKULEN KAN TILBY DESSE AKTIVITETANE :

- PIANO
- ELEKTRISK ORGEL
- KYRKJEORGEL
- KEYBOARD
- MESSINGBLÅS
- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET
- POP-GRUPPE
- BARNEKOR
- UNGDOMSKOR
- VOKSENKOR
- SOLOSONG
- TREKKSPEL
- FELE
- FOLKEDANS
- DRAMA

### KOMMENTARAR TIL NOKRE AV AKTIVITETANE :

#### KEYBOARD

Dette er eit alternativ til det klassiske pianoet. Her legg me ikkje vekt på notelesing og fingersetting, men her lærer du å akkompagnere ( kompa ) deg sjølv og andre ved hjelp av **AKKORDAR**. Me brukar vanlegvis **YAMAHA CLAVINOVA** i undervisninga, men også **SYNTHESIZER**.

Du får også læra å spela med **RYTMEBOKS**. Å laga **PLAYBACK** og driva med **IMPROVISASJON** og **KOMPONERING** er også ting du får byrje med når tida er moden for det.

#### MESSINGBLÅS

Dette er m.a. eit tilbod for **MESSINGBLÅSARAR I SKULEKORPSET** som vil spela saman og læra meir utanom korpsøvingane. Undervisninga tar utgangspunkt i **REPERTOARET TIL SKULEKORPSET**, men me driv også ein del med **TEKNISKE ØVINGAR** og **SPELING ETTER PLAYBACK**. Vanlegvis er dette tilbodet gratis for musikantane.

Tilbodet går også til **ENKELTELEVAR**. Det kan vera elevar som vil satsa skikkeleg - der eit mål er å koma inn på **MUSIKK-KONSERVATORIUM**, eller elevar som føler at dei har behov for ekstrøving saman med lærar i tillegg til korps-spelinga.

#### ASPIRANT TIL SKULEKORPSET

Det er her dei fleste lærer å spela, og då går barna vanlegvis i 2. eller 3.klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.

BARN I 4.KLASSE OG OPPOVER KAN SJØLVSAGT OGSÅ BLI ASPIRANTAR - SKULEKORPSET TRENG MEDLEMMER !

UNDERVISNINGA GÅR OVER 2 ÅR. 2.-ÅRET SPELAR ASPIRANTEN OGSÅ I HOVUDKORPSET - slik at ikkje overgangen blir for stor. INSTRUMENTET BLIR UTLEVERT VED OPPSTARTINGA TIL HAUSTEN.

Me tar også opp **TROMMESLAGARAR**, og dei same vilkåra gjeld for dei som hos ein **MESSINGBLÅSE-ASPIRANT**.

ASPIRANTUNDERVISNINGA ER GRATIS !



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## POP-GRUPPE

Meininga med dette tilbodet er å gi ei gruppe tilstrekkeleg oppløring slik at dei seinare kan starta opp for seg sjølve, viss dei vil. Dei viktigaste instrumenta i ei pop-gruppe er SONG, GITAR, SYNTHESIZER, BASS og TROMMER.

## BARNEKOR, UNGDOMSKOR, VOKSENKOR

**KVA SLAGS KOR ME FÅR BESTEMMER DU !**

I eit lite bygdesamfunn er det ikkje nok folk til alle typar kor. DERSOM DU ER KOR-INTERESSERT skal du kryssa av i ruta til det koret du helst vil syngja i.

I EIT UNGDOMSKOR ( frå 7.klasse ) BLIR DET MYKJE POP-MUSIKK MED ENGELSK TEKST, MEN SJØLVSAGT OGSÅ NORSKE OG ANDRE SONGAR. MUSIKKEN BLIR OFTE FRAMFØRT MED EI POP-GRUPPE.

Når det gjeld aldersgrense oppover kjem me eventuelt tilbake til det.

NÅR DET GJELD VOKSENKOR ( frå 7.klasse ) SÅ FUNGERER DET BEST MED BLANDAKOR, OG OPPFØRDRINGEN GÅR TIL ALLE MANNFOLK OG GUTAR OVER STEMMESKIFTET.

I eit VOKSENKOR blir det framført eit VARIERT REPERTOAR. Me held fram med DAMEKOR viss ikkje nok mannstemmar.

Ellers håper me på at me kan starta opp igjen med BARNEKOR. BARN T.O.M. 6.KLASSE ER MED I BARNEKORET.

## SOLOSONG

Er du veldig glad i å syngja og har lyst til å syngja meir åleine saman med piano m.m., er dette tilbodet for deg. Me jobbar også med å få eit meir avslappa forhold til stemmen ved hjelp av song-teknikkar.

## TREKKSPEL

Pr. i dag har skulen ein elev på trekkspel. SKULEN HAR TREKKSPEL, så du treng ikkje ha dette kostbare instrumentet sjølv. UNDERVISNING ER PÅ KVELDSTID - ELLER ETTER AVTALE MED LÆRAREN.

## FELE

Det hadde vore fint å fått dette i gang. Denne FOLKEMUSIKK-BASERTE undervisninga er i byrjinga berre for dei som har feler, MEN INTERESSERTE TAR KONTAKT MED MUSIKKSKULEN for låneordning/ev. kjøp av fele.

## FOLKEDANS

Det gamle leikarring-tilbodet er her igjen.

DET BLIR NYBEGYNNARKURS I FOLKEDANS BÅDE FOR BARN OG UNGDOM/VAKSNE TIL HAUSTEN.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## DRAMA

Musikkskulen samarbeider sjølvsagt med grunnskulen, og i skrivande stund er det ikkje klart om det blir valgfag i drama neste skuleår. Uansett dekkjer det berre ungdomsskulen, og interessa for drama er så stor både i barneskulen og blant vidaregåande elevar at **MUSIKKSKULEN LAGAR EIT NYTT TILBOD I DRAMA/MUSIKK.**

Interessa bestemmer korleis gruppa/gruppene vil bli.

**ELEVAR SOM GÅR VIDAREGÅANDE SKULE OG SOM BUR HEIME KAN OGSÅ VERA MED, FOR UNDERVISNINGA BLIR PÅ ETTERMIDDAGEN ELLER KVELDEN.**

**DETTE GJELD BÅDE DRAMA OG ALLE ANDRE TILBOD !!!!!!!!!!!!!**

## ELEVKONTIGENTEN

Me opererer no med færre satsar, og det er enklare å sjå kva dei forskjellige aktivitetane kostar.

**VIDARE FÅR EIN ENKEL ELEV UNDERVISNING I 30 MIN. OG IKKJE I 22,5 MIN. SLIK DET VAR FØR. DETTE BLIR KALLA EINETIMAR.**

**HALVÅRSSATSAR FOR ELEV BETALING FRÅ 01.01.91 :**  
( Vedtatt i Bokn kommunestyre )

KOR/FOLKEDANS/DRAMA : kr. 315  
INSTRUMENTALGRUPPER : kr. 470  
EINETIMAR : kr. 840

INSTRUMENTALGRUPPER er  
pop-gruppe/messinggruppe/  
ev. felegrupper e.l.

EINETIMAR er undervisning i  
piano/orgel/keyboard/solo-  
song/trekkspel/fele

**DET ER 30% SYSKENMODERASJON PÅ DEN  
DYRASTE AKTIVITETEN.**

**ME REKNAR MED AT DET BLIR VENTELISTER, OG DET LØNNER SEG Å VERA  
TIDLEG UTE. PÅMELDINGSSKJEMAET NESTE SIDE HAR OGSÅ Plass FOR  
PRIORITERING AV ØNSKENE DINE.**

**PÅMELDINGSSKJEMAENE BLIR NUMMERERTE ETTER KVART SOM DEI KJEM TIL  
MEG. EG TAR BERRE I MOT SKRIFTLEGE PÅMELDINGAR.  
TA KONTAKT VISS DU LURER PÅ NOKO.**

ME MINNER OM AT DET IKKJE ER ALDERSGRENSE I MUSIKKSKULEN

**"DEN SKAL TIDLEG KRØKJAST SOM GOD KROK  
SKAL BLI !"**

**BRUK SKJEMAET PÅ NESTE SIDE.**

Musikalsk helsing



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## PÅMELDINGSSKJEMA

- SØKNADSRIST 19. APRIL -

SKULEÅRET 91/92

NAMN : 1. \_\_\_\_\_  
\*\*\*\*  
2. \_\_\_\_\_  
3. \_\_\_\_\_  
4. \_\_\_\_\_

Alle dei fam.medl. som  
ønsker plass skal skriva  
seg opp ( 1.,2.,3.,4. )  
og de set då kryss i den  
aktuelle ruta bak dei  
ulike aktivitetane.

	1.	2.	3.	4.
1. PIANO				
2. ELEKTRISK ORGEL				
3. KYRKJEORGEL				
4. KEYBOARD				
5. POP-GRUPPE				
6. SOLOSONG				
7. TREKKSPEL				
8. FELE				
MESSINGBLÅS				
ASPIRANT TIL SKULEKORPSET				
BARNEKOR				
UNGDOMSKOR				
VOKSENKOR				
FOLKEDANS BARN				
FOLKEDANS UNGDOM/VAKSNE				
DRAMA				

HER KAN DU PRIORITERA ØNSKENE DINE :

1.									
2.									
3.									
4.									

Dette gjeld berre dei akt.  
som har tal foran seg  
( 1-8 ).  
\*\*\*\*

## BOKN SKULEKORPS

NB! T-SKJORTE NB!

FRISTEN FOR Å SENDA INN FORSLAG TIL MERKE PÅ T-SKJORTE ER FORLENGA TIL 8.APRIL.

BRUK FANTASIEN - SEND INN FORSLAG TIL BOKN MUSIKKSKULE.

### TIL ALLE NÅVERANDE OG TIDLEGARE MUSIKANTAR

DET MANGLAR EIN DEL REKVISITA OG FAKTISK OGSÅ NOKRE INSTRUMENT.  
ME BER OM AT DU SER ETTER OM DU HAR NOKO AV DETTE HEIME :

- |                          |                   |
|--------------------------|-------------------|
| - SELAR TIL BASS         | - VASKESETT       |
| - NOTEPERMAR MED KASSETT | - NOTER/NOTEBØKER |
| - NOTESTATIV             | - INSTRUMENT      |

DU KAN LEVERA DETTE TIL JARDAR.

## UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

Søndag 17.mars hadde undertegnede æren av å reise sammen med 12 ungdommelige boknarar til Sola kulturhus for å være med i årets kulturelle fylkesmønstring. 11 av disse skulle opptre for en haug ungdommer fra hele fylket, og Kyrre Lindanger var med som scenearbeider ( og det skulle vise seg å bli god bruk for han.....)

De fleste av oss stod opp kl. 6 søndag morgen, og kl.18 om kvelden var det klart for innslaget fra Bokn. Det var også det eneste som var klart.....( nærmere utdyping i leserinnl. i Hgsds. avis 23.3 )

Torunn og Randi Bokneberg, Grete Kro, Kristi Laupland, Kaj Arne og Trond Christiansen, Anne Tove Øvrebø og Fredrik Faye var først ute med "BINGODILLA BOOGIE". Så kom Lene Jensen, Rannveig Foss og Lene Herigstad med "BOYS".

Det kvarteret som innslagene varte har ingen av oss lyst til å oppleve om igjen. Undertegnede stod bare å måpte bak scenen da scenearbeiderne skulle "hjelp" til, og Kyrre kunne heller ikke gjøre noe der han satt oppe med lys-teknikeren.

Det mest gledelige var å se hvor profesjonelle boknarane var da det stod på. De lot som ingenting og viste scene-trening da de hjelpesløse scene-arbeiderne holdt på.

Kvarteret ble relativt fort glemt, for det var mye fint å se både på scenen og i vestibylen der mange ungdommelige arbeider stod utstilt, bl.a. arbeider av Karete Larsen, Ann Jeanette Sunde, Solveig Marie Skår og Annelin Foss.

Hva som gikk videre av sceneopptredener og håndarbeider vet undertegnede ikke i skrivende stund - det var i alle fall GØY Å VÆRE MED.



## **Sjukepleiar**

i 3/4 stilling

## **Vikariat for sjukepleiar**

i 1/1 stilling frå 17. juni  
1991-26. januar 1992.

Arbeidsområdet er både i sjukeheim og åpen omsorg, då tenestene er samordna med sjukeheimen som base for all omsorg og pleie. Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg. Det vert lagt vekt på fleksibilitet i arbeidet og evne til samarbeid. Ein må kunna disponera bil i arbeidet. I samband med omorganisering og auke av tenestene ved legekantoret,

kan det bli aktuelt å utvida den 3/4 ledige sjukepleiestillinga. Denne stillinga kan ev. delast. Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Tilsette må retta seg etter ev. endringar i arbeidsområdet. Bokn kommune kan hjelpa til med å skaffa bustad.

Stillingane vert løna i lønstrinn 18 -21. Begge stillingane har ansvarsvakt i ca. 45 % av arbeidstida, og vert då løna etter lønstrinn 23.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller avdelingssjukepleiar, tlf 04 - 74 85 00 linje 125 eller 121.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet, 4290 Føresvik innan 15. april 1991.

## **Frå Tysvær og Vindafjord på gamaldans i Bokn**

Sundag den 10. mars hadde leikarringen i Bokn invitert alle som går på sundagsdansane på Sjonar til gamaldans på Bokn skule.

Saman med leikarringen i Bokn var det totalt ca. 60 glade

dansarar som svinga seg i i gymanastikksalen på Bokn skule etter musikk av Daniel Thuestad på trekkspel og Sigmund Grønnestad på fele. det var folk både frå Tysvær og Vindafjord som svinga seg i dansen saman med boknarane.

## **BOKN BYGDEBLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune  
4290 Føresvik  
Tlf.04-748500  
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

### **BYGDEBLADNEMND:**

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### **REDAKTØR:**

Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr.300  
Halv side:kr.150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr.10,-.

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

## ARRANGEMENT I APRIL

- 12.04 Pensjonistforeningen/  
Folkeakademiet har  
fellesarr. med Berge  
Furre om Lars Oftedal.  
13.04 Dans. Arr: MC-klubben.  
18.04 Hagelaget har møte.  
19.04 Årsmøte i Bokn Handelsl.  
25.04 Basar. Arr: Sjømannsfor.

## GUDSTENESTER:

- 28.03. kl. 11.00 Høgmesse v/  
Soknepresten. Nattverd.  
31.03. kl. 15.00 Høgtidsguds-  
teneste v/Soknepresten.  
Offer til M.F.  
14.04. kl.11.00 Høgmesse  
v/Kap. Geir Torgersen.  
Nattverd. Offer.  
28.04. kl.19.00.Samtaleguds-  
teneste med fest på  
Bedehuset etter  
gudstenesta.

## BOKN YNGRES

Bokn Yngres startar opp etter påske i kjellaren på gamla bedehuset på Austre Bokn. Møtene er kvar mandag kl.19.15

8/4 leiar: Sigmund og Marie  
15/4 " Andreas og Edvin  
22/4 " Marie og Sigmund  
29/4 " Edvin og Andreas  
6/5 Besøk  
D. Torp Sigmund og Marie

Velkomne frå 7 år og oppover

SØNDAGSSKULE  
KYRKJEBYGDA I APRIL

7. og 21. kl. 14.00

## LENSMANNEN

HAR KONTORTID I BOKNATUN DEN 1. FREDAG  
I KVAR MND. FRÅ KL. 10.00 - KL. 12.00.

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 8. april. Påmelding til sosialkontoret tlf. 74 85 00.

## TIL SALS:

Toyota Carina -82 modell til sals for ca. kr. 45.000,-.  
Tlf. 090 45586



**BOKN  
KOMMUNE**

4290 FØRESVIK

## KULTURMIDLAR 1991

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1991.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til kulturkontoret. NB! Søknader som kjem inn etter fristen, kan ikkje rekna med å få stønad.

SØKNADSRIST: 15. APRIL 1991.

Bokn kulturstyre

## T.T.T.

## Endringsvers.

Jeg har skrevet et sted,  
hvor jeg daglig må se,  
det manende tankesprog:

T.T.T.

Når man føler hvor lidet  
man når med sin flid,  
er det nyttigt at mindes, at  
Ting Tar Tid.

Piet Hein